

# Med spent forventning ...

*Sjekkliste for ein god barnehage-  
slutt og ein god skulestart*



# Med spent forventning ...



Skulestart er ei stor hending for alle barn. Dei aller fleste barn og foreldre ser fram til byrjinga på skulegangen med spent forventning. Men for nokre kan barnehageslutt og skulestart vere både skummelt og utfordrande.

Barnehage og skule er delar av det same utdanningssystemet. Begge er institusjonar for omsorg, oppseding, leik og læring, men dei har ulik eigenart. Barna vil møte både likskapstrekk og ulikskapar når dei begynner på skulen. Barnehage og skule har eit felles ansvar for at barn kan møte ulikskapane mellom institusjonane med nysgjerrigheit og tillit til eigne føresetnader.

Overgangar er ein naturleg del av livet, også for små barn. Det er ikkje noko mål å gjere overgangen umerkeleg, men barnehagen, skulen, SFO og foreldra har ansvar for å gjere overgangen god for alle barn. I denne brosjyren presenterer vi i Foreldreutvalet for barnehagar, Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Utdanningsforbundet det vi meiner er avgjerande for at alle barn skal få ein best mogleg overgang frå barnehage til skule:

# Ein god overgang må først og fremst dreie seg om positive opplevingar for barnet

## Barnet skal få positive og realistiske forventingar til skulestarten

- Barnehagen har eit eige opplegg for skulestartarane. Det er med på å skape eit fellesskap for dei største i barnehagen, som er på veg over i ein ny og spennande SFO- og skulekvardag.
- Barnehagepersonalet veit kva som skjer i første klasse og SFO.
- Barnehagepersonalet og foreldra snakkar positivt og konkret om alt det praktiske rundt oppstarten i skule og SFO.
- Barnet opplever ei markering av avslutta barnehagetid.



## Barnet må få tid til å bli kjent med skulen – både lokala, medelevarne og personalet

- Barnet får besøkje og gjere seg kjent med lærarane og skulen/SFO (til dømes klasserom, gymsal og toalett).
- Barnet får ein fadder som kjem på besøk i barnehagen, og som tek særskilt imot på besøka på skulen.
- Skulen arrangerer førskuledagar der barnet møter læraren sin.

Vi har lykkast når alle barn opplever skulestarten med tryggleik og spent forventning

## Det må vere noko trygt som barnet dreg kjensel på, i skulen

- ✓ Skulen veit kva som skjer det siste året i barnehagen.
- ✓ Barnet får komme med innspel om venner det ønskjer å få som klassekameratar.
- ✓ Skulen har oppstartsdagar på hausten der delar av innhaldet er likt som på førskuledagane.
- ✓ Barnet opplever samanheng og utvikling frå det siste året i barnehagen til det første året i skulen.

## Barnets rett til medverknad må sikrast også i overgangen



- ✓ Barnet skal få fortelje om forventingar, kjensler og ønske det har i samband med skulestarten, og det skal påverke måten barnehagen arbeider med overgangen på.
- ✓ Skulestartargruppa skal vere utgangspunktet for og påverke utforminga av opplegget i barnehagen. Barna må mellom anna få vere med å bestemme innhaldet i aktivitetar, invitasjonar og planlegging av fadderbesøk, og markeringa av den avslutta barnehagetida.
- ✓ Barnet må oppleve at formidlinga av eigne ønske og behov påverkar organiseringa av oppstarten og den første tida i skulen og SFO.

## Opplevelingane til barnet er avhengige av foreldra

**Det vil seie at foreldra må ha ein god dialog med barnehagen om barnet, barnehageinnhaldet og arbeidet med samanheng og overgang**

- ☑ Barnehagen forklarar opplegget for dei eldste barna opp mot overgangen til skulestart i årsplanen.
- ☑ Foreldra får informasjon om skulestartargruppe, avslutningsfest, førskuledagar, fadderbesøk og liknande.
- ☑ Barnehagen har ein eigen foreldresamtale om overgangen barnehage–skule.
- ☑ Foreldra får vite at den daglege kontakten med skule og SFO blir annleis enn dei er vande med frå barnehagen.





Vi har lykkast når alle foreldra engasjerer seg og har god forståing av kva overgangen inneber for barnet, samtidig som dei opplever at dei har god kontakt med barnehage, skule og SFO

### **Det er viktig at skulen og SFO har tid og høve til dialog og gjensidig avklaring av forventingar med foreldra**

- Den skriftlege informasjonen som blir send ut, må vere enkel og kortfatta.
- Det må vere tid og rom for å snakke med nokon frå skule og SFO i tidsperioden frå innskriving til skulestart.
- Skule og SFO må gi god informasjon på eit foreldremøte før sommaren. Her må kontaktlærarane presentere seg saman med sosiallæraren, rektor/ leiinga, dei tilsette i SFO, helsesystemer og helst òg representantar frå støttesystemet (som PP-tenesta, helsestasjon, BUP og barnevern).

### **Foreldra må oppleve god dialog med skule og SFO også etter skulestart**

- Det bør arrangerast foreldresamtale rett etter skulestart, der skulen inviterer foreldra til å fortelje om barnet.
- Foreldra må få vite korleis dei kan ta kontakt, slik at dei opplever det som enkelt å stille spørsmål etter kvart som dei melder seg.



# Overgangen krev godt samarbeid mellom barnehage og skule

**Det vil seie ein profesjonell dialog mellom førskulelærarar og lærarar, der utgangspunktet er erfaringane barna har fått i barnehagen, og opplevingane som ventar dei i skulen og SFO**

- ☑ Barnehage, skule og SFO organiserer møtepunkt for å sikre kontinuerleg og systematisk samhandling gjennom profesjonell dialog. Målet er at barna skal oppleve at det er samheng og utvikling frå siste året i barnehagen til første året på skulen.
- ☑ Lærarar og førskulelærarar hospiterer hos kvarandre, slik at dei får felles erfaringar med innhald og arbeidsformer.

**Foreldra må få innsyn i og høve til å avgjere kva informasjon som blir overført mellom barnehagen og skulen**

- ☑ Foreldresamtalen om overgangen frå barnehage til skule må handle om kva førskulelæraren skal fortelje om barnet i samarbeidet med skulen og SFO.
- ☑ Foreldra sitt behov for informasjonsoverføring skal vere styrande.
- ☑ Skriftleg dokumentasjon om enkeltbarn må overførast når det er sett i gang særskilde tiltak i barnehagen, eller når ein ser at det vil vere nødvendig å leggje skuleverksemda til rette for å vareta behova til barnet. Det er avgjerande at skule og SFO får informasjonen så tidleg som mogleg, slik at tilrettelegginga kan planleggjast i god dialog med alle involverte partar.
- ☑ Før skriftleg informasjon kan overførast, må foreldra gi frivillig og informert samtykke (jf. personopplysningslova §§ 8 og 9).

Vi har lykkast når barnehage og skule har eit system som sikrar ein god overgang for alle barn, slik at dei og foreldra føler seg trygge og varetakne i den nye skulekvardagen

**Skulestart er ei stor hending for alle barn, og det er viktig å hugse at ikkje alle barn har barnehageerfaring. Også desse barna og foreldra deira treng å bli varetekne og få oppleve skulestart med tryggleik og spent forventning.**

Brosjyren er laga i samarbeid mellom Utdanningsforbundet, Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Foreldreutvalet for barnehagen.

Ønskjer de fleire brosjyrrar, kan dei skrivast ut frå [www.utdanningsforbundet.no](http://www.utdanningsforbundet.no), [www.fug.no](http://www.fug.no) eller [www.fubhg.no](http://www.fubhg.no)



Sjå òg rettleiar frå Kunnskapsdepartementet: «Fra eldst til yngst», KD 2008.